

Saksframlegg

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Trond Leirflåt	K2-S11	20/745

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
032/25	Formannskapet	PS	08.05.2025

Uttale til søknad om konsesjon for Tou Mølle kraftverk i Tauvassdraget

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Strand kommune tilrår alternativ 2 jf. saksutgreiing med vilkår om utgreiing av fleire tema som konsekvens for Strand vidaregåande skule og uttak av vatn, vandringshinder opp i Bjørheimsvatnet og Tysdalsvatnet, flom, minstevassføring m.m., sjå saksutgreiing av alternativ 2 under.

Jørpeland 26.03.2025

Heidi Klaveness
kommunedirektør

FOR - behandling

Alternativt fellesforslag fra alle partier, foreslått av Alf Henning Heggheim, Senterpartiet

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende høringsuttalelser, mener Strand kommune at ulempene med kraftproduksjon i Tauvassdraget er betydelig større enn fordelene jfr Vannressursloven § 25.

Begrunnelse:

- 1.** Vi kan ikke se at det er flere fordeler enn ulemper ved å utvide kraftproduksjonen i vassdraget.
- 2.** Økt fornybar kraft og årlig økonomisk bidrag til Strand kommune i form av eiendomsskatt er marginal sammenlignet med ulempene med de omfattende tiltakene som berører både allmenne og private interesser.
- 3.** Både alternativ 1 og 2 gir store og omfattende naturinngrep og anleggsarbeid ved kraftstasjon og utløp av Bjørheimsvatnet med store konsekvenser for vassdraget med Mølleparken og Krossvatnet som viktige trivselsfaktorer i sentrum av Tau.
- 4.** Søknaden beskriver ikke godt nok hvordan endring av minstevannsføring vil påvirke vannkvalitet og biologisk mangfold. En reduksjon i vannføring i Tauåna fra en middelvannsføring på om lag 5000 liter pr sekund til 410 l/s er betydelig, og vil ha store konsekvenser. Store deler av elveløpet vil bli tørrlagt og dermed ikke bli et oppvekst og leveområde for fisk.
- 5.** Strand kommune har erfart at regulering av vassdraget reduserer kvaliteten på badeplassene og rekreasjonsområdene langs vassdraget. Badevannskvaliteten i Loen, og badeplassen med tilknytning til omkringliggende skole- og boligområder nært Tau sentrum vil bli dårligere med så lav vannføring (blir stengt til tider om sommeren på grunn av dårlig kvalitet). Kommunen ønsker at det skal være gode bademuligheter og at dette forbedres i forhold til dagens situasjon.
- 6.** Potensielt redusert vannkvalitet i Krossvatnet kan skape ulemper for Strand videregående skole som bruker vann herfra i den daglige driften.
- 7.** Vassdraget har et stort potensial for næringsutvikling i form av friluftsliv og rekreasjon ved å få anadrom fisk tilbake i vassdraget som før 1850 årene. Det er derfor ønskelig å tilbakeføre/ restaurere vassdraget til et naturlig vassdrag uten reguleringer. Høringsuttalelsene fra interesseorganisasjoner, elveeierlag og private peker i samme retning. Dette vil ha stor betydning for innbyggernes folkehelse og livskvalitet. Hensynet til friluftsliv og hensynet til barn- og unge er ikke ivaretatt i søknaden.
- 8.** Mest sannsynlig vil det ikke være behov for noe laksetrapp eller tekniske installasjoner/tiltak i elven hvis konsesjon avslås. Alle anadrome arter kan gå rett opp i søndre løp ved Mølleparken. Eventuell restaurering av Tau-vassdraget til en mer naturlig tilstand uten kraftproduksjon skal bekostes av utbygger/konsesjonshaver.
- 9.** Kulturminne «Kvernhusene v/Møllefossen» må ivaretas.
- 10.** Biologisk mangfold knyttet til vannmiljø blir sterkt berørt både i de 4 elvestrekningene og de 4 innsjøene. Leveområder for sterkt truede rødlistearter: atlantehavslaks, sjøørret, ål og elveperlemusling vil bli innskrenket/opphøre. Strand kommune vil at tiltak skal forbedre biologisk mangfold.

Før realitetsbehandling av saken, ønsket Leif Ove Voster (H) å få sin habilitet vurdert med følgende begrunnelse:

Mine foreldre er grunneiere langs Bjørheimsvatnet (Tjøsheimvegen 596 (G27/B60 og 64)) og vil derfor ha interesse av å få vassdraget tilrettelagt for anadrom fisk. Jeg bruker denne eiendommen en del selv, prater med naboer til eiendommen, og min far har vært må møter i

elveeierlaget. Sekretær i elveeierlaget, Svein Kjetil Rønnevik, som har uttalt seg i Strandbuen om saken, er min fars søskenbarn.

Summen av forholdene over, særlig at jeg vil ha direkte interesse i å få laks til familiens eiendom, gjør at jeg vil be om å få min habilitet i saken. Selv sier magefølelsen at jeg er inhabil.

Kommunedirektørens vurdering:

Representantens foreldre er grunneiere langs Bjørheimsvatnet og Leif Ove påpeker i den forbindelse at både foreldrene og ham selv vil ha interesse i å få vassdraget tilrettelagt for anadrom fisk.

Det er en sentral problemstilling om Vosters foreldre - i lys av å være grunneiere av eiendommen Tjøstheimvegen 596 langs Bjørheimsvatnet – skal regnes som parter i saken. En part er som kjent dem som en avgjørelse retter seg mot eller som saken ellers direkte gjelder, jf. forvaltningslovens § 2, 1. ledd.

Administrasjonen legger til grunn at representantens foreldre, som eiere av den aktuelle eiendommen, vil kunne bli begunstiget av en avgjørelse om å få vassdraget tilrettelagt for anadrom fisk. De har dermed en forholdsvis nær tilknytning til saken. Samlet sett anser derfor Kommunedirektøren, dog under litt tvil, at representantens foreldre har partstilknytning til saken, da den må anses å direkte gjelde dem. Voster rammes i så fall av de automatiske inhabilitetsgrunnene etter § 6, 1. ledd.

Det er i tillegg såpass nær sammenheng mellom selve saken og den mulige begunstigelsen for eierne av Tjøstheimvegen 596, at forholdet sannsynligvis uansett vil bli rammet av den mer skjønnsmessige habilitetsvurderingen etter § 6, 2. ledd. Det vil si at det foreligger et såkalt særegent forhold som er egnet til å svekke tillitten til representantens upartiskhet.

Kommunedirektøren anbefaler etter dette at Leif Ove Voster anses inhabil.

Votering:

Leif Ove Voster (H) ble enstemmig votert inhabil i saken. Inn som vara kom Morten Næss (H)

Votering:

Alternativt fellesforslag fremsatt av Alf Henning Heggheim (Sp) ble **enstemmig vedtatt**.

FOR - vedtak:

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende høringsuttalelser, mener Strand kommune at ulempene med kraftproduksjon i Tauvassdraget er betydelig større enn fordelene jfr Vannressursloven § 25.

Begrunnelse:

1. Vi kan ikke se at det er flere fordeler enn ulemper ved å utvide kraftproduksjonen i vassdraget.
2. Økt fornybar kraft og årlig økonomisk bidrag til Strand kommune i form av eiendomsskatt er marginal sammenlignet med ulempene med de omfattende tiltakene som berører både allmenne og private interesser.
3. Både alternativ 1 og 2 gir store og omfattende naturinngrep og anleggsarbeid ved kraftstasjon og utløp av Bjørheimsvatnet med store konsekvenser for vassdraget med Mølleparken og Krossvatnet som viktige trivselsfaktorer i sentrum av Tau.
4. Søknaden beskriver ikke godt nok hvordan endring av minstevannsføring vil påvirke

vannkvalitet og biologisk mangfold. En reduksjon i vannføring i Tauåna fra en middelvannsføring på om lag 5000 liter pr sekund til 410 l/s er betydelig, og vil ha store konsekvenser. Store deler av elveløpet vil bli tørrlagt og dermed ikke bli et oppvekst og leveområde for fisk.

5. Strand kommune har erfart at regulering av vassdraget reduserer kvaliteten på badeplassene og rekreasjonsområdene langs vassdraget. Badevannskvaliteten i Loen, og badeplassen med tilknytning til omkringliggende skole- og boligområder nært Tau sentrum vil bli dårligere med så lav vannføring (blir stengt til tider om sommeren på grunn av dårlig kvalitet). Kommunen ønsker at det skal være gode bademuligheter og at dette forbedres i forhold til dagens situasjon.

6. Potensielt redusert vannkvalitet i Krossvatnet kan skape ulemper for Strand videregående skole som bruker vann herfra i den daglige driften.

7. Vassdraget har et stort potensial for næringsutvikling i form av friluftsliv og rekreasjon ved å få anadrom fisk tilbake i vassdraget som før 1850 årene. Det er derfor ønskelig å tilbakeføre/ restaurere vassdraget til et naturlig vassdrag uten reguleringer. Høringsuttalelsene fra interesseorganisasjoner, elveeierlag og private peker i samme retning. Dette vil ha stor betydning for innbyggernes folkehelse og livskvalitet. Hensynet til friluftsliv og hensynet til barn- og unge er ikke ivaretatt i søknaden.

8. Mest sannsynlig vil det ikke være behov for noe laksetrapp eller tekniske installasjoner/tiltak i elven hvis konsesjon avslås. Alle anadrome arter kan gå rett opp i søndre løp ved Mølleparken. Eventuell restaurering av Tau-vassdraget til en mer naturlig tilstand uten kraftproduksjon skal bekostes av utbygger/konsesjonshaver.

9. Kulturminne «Kvernhusene v/Møllefossen» må ivaretas.

10. Biologisk mangfold knyttet til vannmiljø blir sterkt berørt både i de 4 elvestrekningene og de 4 innsjøene. Leveområder for sterkt truede rødlistearter: atlanterhavslaks, sjørørret, ål og elveperlemusling vil bli innskrenket/opphøre. Strand kommune vil at tiltak skal forbedre biologisk mangfold.

Vedlegg:

2024_Konsesjonss_knad_Tou_M_lle_kraftverk_664212_1_A_2473146

Utsatt høringsfrist til 14.05.2025 - konsesjon Tou Mølle kraftverk

Høring av søknad om konsesjon for Tou Mølle kraftverk i Tauvassdraget i Strand kommune

Varsel om innkalling til konsesjonsbehandling av Småkraft AS sitt uttak av vatn og reguleringar i Tauvassdraget, Strand kommune i Rogaland.PDF

2024_ECOFACT_rapport_konsekvenser_for_fisk_og_akvatisk_milj__(1)_664213_1_A_2473146

2024_ECOFACT_rapport_konsekvenser_for_naturmangfold_664214_1_A_2473146

Uttale frå elveigarlaget

Uttale til søknad om konsesjon for Tou Mølle kraftverk i Tauvassdraget

Uttale til søknad om konsesjon for Tou Mølle kraftverk i Tauvassdraget, Strand kommune.pdf

Bakgrunn for saka

Småkraft AS har utarbeidd ein søknad om løyve etter vassressurslova til vidare drift og eventuell oppgradering av Tou Mølle kraftverk. Det er denne søknaden som no er på høyring.

Fakta – Saksopplysningar

I 2022 vedtok NVE å kalle inn Tou Mølle kraftverk til konsesjonsbehandling, med heimel i vassressurslova § 66. Formålet med innkalling av eldre vasskraftanlegg er å forbetre miljøtilstanden i vassdraget og mogelegheit til å setje moderne konsesjonsvilkår til konsesjonen. Tauvassdraget har tidlegare hatt bestand av laks og sjøaure, men det er i dag ikkje mogeleg for anadrom fisk å vandre forbi kraftstasjonen. I Regional plan for vassforvaltning i Rogaland 2022-2027 er Tauvassdraget eit av dei prioriterte vassdraga for tiltak, med mål om å opne for anadrom vandring. Det er og registrert raudlisteartane elvemusling og ål i Tauånå. Uavhengig av konsesjonær er det utarbeid eit betydeleg kunnskapsgrunnlag om Tauvassdraget i seinare år. Målet med desse har vore å kartlegge forholda i vassdraget før ei reetablering av anadrom fisk.

Om søknaden:

Søknaden inneheld to alternativ til mogelege oppgraderingar av anlegget. Det blir ikkje søkt om endringar i reguleringsgrenser i magasinerna i forhold til noverande praksis. Alternativ 3 er ikkje omsøkt, men er reelt om ein ikkje ønsker å gje konsesjon i sin heilhet.



Alternativ 1 med flomkart

Alternativ 1: Dette er det ønskete alternativet frå tiltakshavar. Alternativet inneber at inntaket til kraftverket blir flytta opp til dammen ved Bjørheimsvatnet, og Krossvatnet går ut som reguleringsmagasin. Tauånå, på strekninga mellom Bjørheimsvatnet og Krossvatnet vil få redusert vassføring, og det vil bli sleppt ei heilårleg minstevassføring på 410 l/s, samt 2 lokkeflaumar i perioden for oppvandring av fisk. Vassvegen frå inntaket vil liggje i ein 1060 m lang tunnel til kraftstasjon. I øvre del, rett nedstraums Bjørheimsvatnet, vil det sørlege løpet av Tauånå (250 m) bli tørrlagt. Det blir etablert fisketrapp forbi vandringshinder ved dammen i Krossvatnet, ved inntaket i Bjørheimsvatnet, og forbi reguleringsluke i Tysdalsvatnet. Finrist (15 mm) blir etablert framfor inntaket. Alternativet gir ei årleg produksjon på 10,3 GWh, mot dagens 3,9 GWh.

Alternativ 2: Dette alternativet ligg nærare dagens situasjon, men med oppgradering av eksisterande inntak med finrist (15 mm), og fisketrapp forbi vandringshinder ved Krossvatnet. Minstevassføring er føreslått som 410 l/s forbi inntaket i Krossvatnet og ut i fjorden, med lokkeflaumar i forkant av gyteperioden. Det vil bli etablert fisketrapp forbi reguleringslukene i Bjørheimsvatnet og Tysdalsvatnet. Oppgradering av eksisterande kraftverk gir ei årleg produksjon på 4,46 GWh. Nullalternativ: Vidare drift etter noverande praksis. Til søknaden er

det utarbeida ein konsekvensutgreiing for naturmangfald, samt ei utvida temautgreiing knyt til fisk og akvatisk miljø.



Planlagt fisketrapp alternativ 1



Planlagt fisketrapp alternativ 2

Det er store allmenne interesser i Tauvassdraget som i dag er skadelidande grunna dagens kraftverk. Dette er bakgrunnen for NVE sin innkalling til konsesjonsbehandling. Opp mot 20 km kan gjerast tilgjengeleg for anadrom fisk ved ulike tiltak.

Tauvassdraget eit prioritert vassdrag for tiltak med mål om å opne for anadrom vandring i Regional vassforvaltningsplan.

Lover, forskrifter, rundskriv

Vassressurslova § 66

Gjeldande planar og retningslinjer

Kommuneplan godkjent 2012

Innkome fråsegner

Søknad om Konsesjon Tou Mølle kraftverk frå småkraft AS

Berekraftsmål

7 og 15

Alternativ:

Alt. 1

Alt. 2

Alt. 3 er å sei nei til vidare konsesjon.

Vurdering og konklusjon

Søknaden er eit ledd i å få ein betre økologisk tilstand i vassdraget. Det er lagt fram to utbyggingsløyningar der alternativ 1 er ei utviding, og alternativ 2 er ei modernisering av dagens situasjon. Begge har tovegs fiskepassasjar. Totalt sett er konsekvensen dermed positive i forhold til dagens kraftverk. Eit nullalternativ som dagens situasjon er derfor ikkje eit reelt alternativ. Det som må vurderast er dei to alternativa med eventuelle tilpassingar/forbetringar. I tillegg må ein sjå desse alternativa opp i mot å ikkje gi konsesjon til vidare regulering, altså ei tilbakeføring til eit uregulert vassdrag. Uansett løysing er dette ei sak som vil betre den økologiske tilstanden i vassdraget inkludert forholda for laksefisk, ål og elvemusling. Slik sett er dette ei gladsak. Saka handlar om korleis dette kan gjerast på ein best mogleg måte.

Alternativ 1:

Alternativet vil auke kraftproduksjonen samstundes som det blir langt mindre vatn i Tauåna. Det er foreslått ei minstevassføring på 410 liter pr sekund og eit regime for lokkeflaumar for stimulere fiskevandring. I dag blir alt vatn sleppt ned Tauåna til Krossvatnet der inntaket til kraftstasjonen er. Da det ikkje er noko krav til minstevassføring har elveleiet tidvis vore meir eller mindre tørrlagt når kraftverket ikkje har vore i drift. Ein reduksjon i vassføring i Tauåna frå ein middelvassføring på om lag 5000 liter pr sekund til 410 l/s er betydeleg og ikkje utan konsekvensar. Store delar av elveløpet vil bli tørrlagt og dermed ikkje bli eit oppvekst og leveområde for fisk, elvemusling og anna liv. Det er og slik at delar av elva består av større stein og blokker. I dag vil ei mindre vassføring berre sildre mellom steinane i desse partia. Det er i søknad ikkje gjort greie for korleis ein har komme fram til ei minstevassføring på 410 liter. Det kan virke som den er sett med tanke om å få akkurat nok vatn for at fisken skal kunne komma seg fram. Og truleg er det, som konsekvensutgreiinga fortel, mogleg å tilpasse elva til dette formålet. Da må ein gjere betydeleg tilrettelegging/inngrep i elveleie ved å lage ein bekk i elva. Samstundes må det vere eit regime for lokkeflaumar og metodar for å spyle bort sedimentar på elvebotn med jamne mellomrom (spyleflaumar, harving). Effekten vil likevel vere usikker. Det er grunn til å tru at **Tauåna ikkje vil ha noko verdi som stad for laksefiske** med dette alternativet. Av totalt elveareal i vassdraget utgjer Tauåna 20 %. Loen

er ein populær **badebass** som ligg i Tauåna. Korleis denne blir påverka er ikkje vurdert i søknad. Strand kommune tek vasskvalitetsmålingar i badesesongen. Tilstanden har ved fleire høve vore så dårlege at kommunen har stengt badebassen. Dette skjer når det er lite vassføring, gjerne kombinert med regnbyer. Det er grunn til å tru at med mindre vassgjennomstrøyming vil dette kunne bli eit større problem. Krossvatnet er lite, grunt og sentralt der den ligg i Tau sentrum. Utbyggingsløyisinga vil føre til at vassgjennomstrøyming vil bli kraftig redusert. Dette er i liten grad vurdert i søknad. Ryfylke vassområde fekk i 2024 gjennomført ein tilstandsundersøking der vatnet blei klassifisert til svært god tilstand. Dette var første gong vatnet er overvaka og det var på førehand ei forventning om at Krossvatnet var meir påverka av eutrofiering i lys av sin beliggenhet og avgrensa vassdjupne. Stor vassgjennomstrøyming er nok ein vesentleg forklaring på dagens tilstand. I så fall vil Krossvatnet vere langt meir utsett for eutrofiering og dårleg vasskvalitet dersom vassgjennomstrøyminga blir kraftig redusert. Vasstemperaturen om sommaren vil og truleg auka, noko som vil kunne forsterka problemet.

Den uønskte introduserte arten ørekyt blei oppdaga i Tauvassdraget for nokre år sidan. Lange periodar med minstevassføring vil truleg betre forholda for arten både i Tauåna og Krossvatnet, noko som indirekte kan påverka produksjonen av laksefisk negativt. Elvemusling, som er ein nasjonal ansvarsart, og oppført raudlista som sårbar, er registrert i Tauåna, men kunnskapen er mangelfull. Truleg er bestanden liten. Med planlagd minstevassføring vil faktorar som sedimentering, begroing og dårlegare vasskvalitet vere negativt for arten. Det arten treng er vassdekt areal.

Alternativ 2:

Ved dette alternativet blir alt vatn slept ned til Krossvatnet. Avbøtande tiltak i Tauåna er i mindre grad naudsynt enn i alternativ 1, men også her må ein gjennomføre habitatforbetrande tiltak. Når kraftverket står er det planlagt å sleppe ei minstevassføring tilsvarende alternativ 1. Som nemnt ovanfor er dette ei vassføring som gjer at store delar av elveløpet vil bli tørrlagt. Denne vassføringa må aukast for å få eit tilfredsstillande vassdekt areal. Det vil her vere føremålstenleg å innhenta meir kunnskap om vassdekt areal gjennom miljødesign. Dette er ein metode utvikla for å balansere kraftproduksjon med omsyn til miljøet. Ein må finne ut kor mykje vassdekt areal ein får ved ulike vassføringsregime. Dette er ikkje utgreidd i dag noko som er ein stor svakheit med søknaden. For å kunne ivareta oppvekstområde for anadrom fisk og elvemusling er det avgjerande at ein har store vassdekte areal i Tauåna. Magasinregulering Det er nok vandringshindra og reguleringa av vassføringa i Tauåna som utgjer den sterkaste påverkinga i vassdraget. Ein kan likevel ikkje sjå bort frå reguleringsmagasina. Krossvatnet har i dag ei regulering på 10 cm, Bjørheimsvatnet ei regulering på 50 cm, medan Tysdalsvatnet har ei regulering på 180 cm. Ved utbyggingsalternativ 2 er magasin kapasiteten som i dag. Ved alternativ 1 går Krossvatnet ut som reguleringsmagasin, elles likt. Det blir i søknad opplyst at det er gode rutinar for å regulere lukene i kraftverket ved auka vassmengder, og tilpassing av magasina når det ligg føre flaumvarsel. Dette blir framleis aktuelt. Kraftverket løyser ikkje alle potensielle utfordringar knytt til flaum, men kan vere ein dempende faktor. Den meir omfattande reguleringa i Tysdalsvatnet har truleg større innverknad på artsmangfald og livsmiljø i dette magasinet enn reguleringa har i Bjørheimsvatnet. Inngrepa ved utløpet av Tysdalsvatnet (senking, kanalisering) er omfattande, og ser ut til å kunne ha negativ verknad på gyte- og oppvekstforhold for fisk i Tauvassdraget. Dette må løysast. Her er også flaumproblematikk. I Tysdal, altså i Hjelmeland sin ende av vatnet, ligg det ein campingplass som har utfordringar med at vatnet fløymer over og innover marka. Jamfør Strandbuen (20.09.2022) har flaumproblema ifølgje innehavar av campingplassen auka i omfang dei seinare åra. NVE sitt vedtak om å kalla inn Tou kraftverk med tilhøyrande reguleringsanlegg inn til konsesjonsbehandling var først og fremst grunngeve med å kunne betra leveforholda for laks, sjøaure, ål og elvemusling. Det er derfor forståeleg at dette har stort fokus i søknad og kunnskapsgrunnlaget som er utarbeida i samband med denne.

Det er likevel å forventa at ei konsesjonsbehandling vurderer alle sider av reguleringa. I søknad er magasina og manøvreringsreglement i liten grad er belyst. Å gi ei ein konsesjon til regulering basert på gamal praksis synast for enkelt. Kunnskapsgrunnlaget bør aukast.

Tauvassdraget – eit potensielt naturrestaureringsprosjekt? Tou kraftverk har eit lite fall, nyttar mykje vatn og har ein relativt liten produksjon. Alternativ 1 vil produsere 10 GWh, om lag det årlege straumforbruket til kring 500 husstandar. Alternativ 2 vil produsere om lag 4,4 GWh. Naturinngrepa og konsekvensane i vassdraget er betydelege og liknar ikkje på moderne små kraftverk av same produksjonsstorleik. Eit av dei sentrale måla i FN's naturavtale frå 2022 er å restaurere minst 30 prosent av øydelagde og skadde naturområde innan 2030. Dette inneber å forbetre tilstanden til naturen og sikre at økosystema kan fungere optimalt. Dette har Norge forplikta seg til, og me bør no gjere alvor av å vurdere kva natur som skal restaurerast. I denne saka er fokus på reversering av negative inngrep, og tilbakeføring av laksefisk til eit vassdrag som tidlegare har vært anadromt.

Alternativ 3:

Ein meir fullskala naturrestaurering vil vere ei tilbakeføring til ein meir naturlik tilstand i vassdraget ved å ikkje utnytte vatnet til kraftproduksjon, altså å seie **nei** til søknad om konsesjon. For vassmiljøet er det ingen ulempe med dette alternativet anna enn at ein da ikkje lenger har ein konsesjonær som kan bygge ei laksetrapp nedstrøms Krossvatnet. Utan ein kraftstasjon å ta omsyn til kan ei vandringsløysing leggest i det sørlege utløpet som gir fisk lettare åtkomst, er teknisk enklare, og sannsynlegvis rimelegare. Vandringsbarrierar ved Bjørheimsvatnet og Tysdalsvatnet må konsesjonær gjere noko med uansett om dei får konsesjon eller ikkje. Når det gjeld kraftregulering og klimatilpassing kan situasjonen truleg vere annleis, men dette **er ikkje utgreid**.

Konklusjon:

Utbyggingsalternativ 2 er eit betre prosjekt enn alternativ 1. Sistnemnde er ei dårlegare løysing i forhold til vassføring i Tauåna og dermed fiskeproduksjon. Alternativet er og ei ulempe i forhold elvemusling, ørekyt, fiske, badevasskvalitet og potensiell eutrofi i Krossvatnet. Den auka energiproduksjonen i kan ikkje forsvare dei negative konsekvensane.

Minstevassføringa som er lagt til grunn i alternativ 2 er for liten og vil føre til at store delar av Tauåna vil bli tørrlagt og dermed ikkje vil bli eit oppvekst og leveområde for fisk, elvemusling og anna liv. Vassføringa må aukast for å få eit stort vassdekt areal. Det vil her vere føremålstenleg å innhenta meir kunnskap om dette gjennom metoden miljødesign.

Tou kraftverk gir lite kraftproduksjon i forhold til naturinngrepa. Konsekvensane i vassdraget er betydelege og liknar i så måte ikkje på moderne kraftverk av same produksjonsstorleik. Restaurering av vassdraget til ei meir naturlik tilstand utan kraftproduksjon vil vere det beste for vassmiljøet. For vassmiljøet er det ingen ulempe med dette alternativet anna enn at ein da ikkje lenger har ein konsesjonær som kan bygge ei laksetrapp nedstrøms Krossvatnet. Utan ein kraftstasjon å ta omsyn til kan ei vandringsløysing leggest i det sørlege utløpet av Krossvatnet. Dette gir fisk lettare åtkomst, er teknisk enklare, og sannsynlegvis rimelegare.

Vassområdeutvalet forventar at ei konsesjonsbehandling vurderer alle sider av reguleringa. I søknad er fordelar og ulemper med dagens regulering og manøvreringsreglement for magasin knapt belyst.